



Jørgen Olsvoll
Håtuftvegen 280
5919

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/636 - 19/9652

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2019

Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg jordevegen og opprusting av eksisterande veg på Gnr. 30/2 Hestdal

Administrativt vedtak. Saknr: 128/2019

Saksutgreiing:

Jørgen Olsvoll søker i søknad dagsett 04.03.2019 om løyve til å bygge ein landbruksveg og opprusting av ein eksisterande landbruksveg på Gnr. 30/2 og 4 på Hestdal. Det vert søkt om å få byggja ein ny traktorveg i vegklasse 7 på om lag 55 meter og opprusting av ein eksisterande traktorveg til vegklase 7 på om lag 45 meter. Vegane er tenkt nytta 100 % til jordbruksformål. Den nye vegen har eit dekningsområde på 13 daa, byggjekostnader er kalkulert til kr 28 000,- for nyanlegget og kr 12 000,- for vegen som skal rustast opp.

Eigedommen har 231,3 daa skog, 26,1 daa fulldyrka jord, 2,91 overflatedyrka jord, 92,5 daa innmarksbeite og 69,8 daa anna areal. Den nye vegen skal vere tilkomstveg til jordbruksareal og eksisterande veg som skal rustast opp er tilkomst til eit nærliggande jordbruksareal. Det er trong for ein ny veg da Meland kommune skal utvida/utbetra kommunal veg til Hestdal. I samband med denne utvidinga er det eit ynskje å stenge ein eksisterande avkjørsel.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til land bruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

I samband med utbetring av kommunal veg er det eit ynskje å stenge ein eksisterande avkjørsel, dette gjer at tilkomsten til areala vert sperra. Det er trong for ein ny veg til areala, og søker ynskjer å nytta ein allereie eksisterande avkjørsel til å lage ein ny tilkomst til areala. Det er planlagd å bygge ein traktorveg i vegklasse 7 i om lagg 55 meter for å komme til arealet. Den eksisterande avkjørselen er til ein eksisterande traktorveg

som går til eit anna areal. Dette er ein eldre traktorveg med enkel standard. Søkjar ynskjer å rusta opp denne til ein betre standard på eit parti, om lag 45 meter skal rustast opp til vegklasse 7. Dette for å betre eit parti av vegen som ikkje er optimalt i dag, og sikre ein god tilkomst til areala. God tilkomst til dyrka mark er viktig, både for å kunne drive rasjonelt og økonomisk, men også for å ha sikre og gode avkjørsler som aukar trafikktryggleiken. Utvidinga av den kommunale vegen vil stenge avkjørselen som er til det eine arealet i dag. Grunna terren og vegutforming er det ikkje mogleg å sikkert kunne køyre av vegen og ned på dyrka mark, det er trong for ein avkjørsel.

Det at det er planlagd å nytta ein eksisterande avkjørsel til ny veg vil vere ein god løysing, då ein får færre avkjørsler på ein kort strekning. Søknaden legg opp til ein rasjonell vegbygging som gjer den naudsynte tilkomsten til areala. At det vert rusta opp delar av ein eksisterande veg i samband med dette vil vere positivt. Dagens landbruk krev større og tyngre maskiner og det er naudsynt med god tilkomst og vegar som tåler belastninga godt. For landbruket blir vegar viktigare i samband med at det blir eit våtare og varmare klima. Det gjer utfordringar med å unngå kjøreskader, som kan gje jordpakking. Jordpakking er ein utfordring i Nordhordland, som kan få store konsekvensar for den enkelte bonde. Betre tilkomst vil kunne sikre at naudsynt drift kan gjerast meir uavhengig av ver utan skader på innmarka, og i dette tilfellet vil det vere naudsynt for å komme til areala.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen i Hordaland har ingen motsegn mot vegen.

Hordaland fylkeskommune Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune gjer merksam på at dersom det blir funne automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Kulturavdelinga i Meland kommune har ikkje motsegn utover at tiltaket må ta omsyn til eksisterande steingard. Søkjar er kjent med steingarden, og den skal takst omsyn til ved bygging. Administrasjonen vil sikra steingarden, og vil stille vilkår om at det skal vere minst to meter klaring mellom steingarden og nærmeste grøftekant langs landbruksvegen.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar, ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil noko grad auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då planlagt bruk vil vere aktivitetar som allereie vert gjort i området (jf. § 10).

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Ettersom den nye vegen skal nytte same avkørsel som eksisterande, er det vurdert til at det ikkje behov for ein ny søknad om avkørsel til kommunal veg.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til bygging av jordevegen som omsøkt og opprusting av eksisterande traktorveg . Det er administrasjonen sin vurdering at den nye vegen vil være viktig for å få god tilkomst til jordbruksareala da eksisterande tilkomst til areala vert stengt. Omsøkt opprusting vil vere viktig for å sikre at eldre vegar får ein betre standard som kan nyttast av større maskinar. Vegane vil gjere skjøtsel, drift og tilsyn enklare og mindre avhengig av veret.

Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av landbruksvegen jordevegen som omsøkt. Det skal byggast 55 meter traktorveg som nyanlegg i vegklasse 7 på Gbnr. 51/10. Kommunen gjer også løyve til opprusting av deler av ein eksisterande traktorveg. Om lag 45 meter av eksisterande traktorveg skal rustast opp til vegklasse 7.

Byggjeløyvet er gjeve på følgjande vilkår:

1. Ny veg skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske rettningslinjer for vegklasse 7 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Opprusting skal gjennomførast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske rettningslinjer for vegklasse 7 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
3. Det må takast omsyn til steingard ved bygging, og det skal vere to meter mellom nærmaste grøftekant og steingarden slik at denne ikkje tek skade av bygginga.
- 4.Under arbeidet må ein vere merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune v/ kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 07.06.2022.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skrifteleg melding om dette, og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-2, 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skrifteleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæsst.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Mottakere:

Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5919